

# Kan eg søkje erstatning for skaden min?



norsk  
pasientskade-  
erstatning

# Kva skal til for å få erstatning for ein pasientskade?

For at du skal få erstatning for ein pasientskade, må tre vilkår vere oppfylte.

## 1. Pasientskaden må skuldast svikt i behandlinga

Du må ha fått ein skade som skuldast behandling, undersøking, diagnostisering eller oppfølging. Ein slik pasientskade kan vere både forbigående og varig. Du har ikkje krav på erstatning om skaden skuldast den sjukdomen du blei behandla for.

## 2. Pasientskaden må ha ført til eit økonomisk tap

Hovudregelen er at pasientskaden må ha ført til eit økonomisk tap, utover det du likevel ville ha hatt. Erstatningen skal altså dekkje ekstra utgifter som skuldast pasientskaden.

Har du eit økonomisk tap som er under 10 000 kroner, kan du ikkje krevje erstatning frå NPE. Då kan du i staden vende deg direkte til den behandlingstaden, der skaden skjedde.


## 3. Pasientskaden må ikkje vere for gammel

Du kan søkje om pasientskadeerstatning seinast tre år etter at du burde ha forstått at det er behandlinga eller mangel på behandling som har ført til skaden. Om du søkjer for seint, seier vi at kravet er forelda.



## Lurer du på om du skal søkje erstatning?

På nettsidene våre, npe.no, kan du ta ein sjekk. Ved å svare på nokre enkle spørsmål, vil du få ein peikepinn på om du kan ha rett til erstatning.



Kan eg søkje erstatning for skaden min?

På npe.no kan du lese meir om reglane for erstatning, saksbehandlinga og eksempel på saker vi har behandla.



# Om Norsk pasientskadeerstatning

Norsk pasientskadeerstatning (NPE) er ein statleg etat underlagd Helse- og omsorgsdepartementet.

Vi behandlar erstatningskrav frå pasientar som meiner dei har fått ein skade etter behandlingssvikt i helsetenesta.

Saksbehandlinga er gratis.

**Norsk pasientskadeerstatning**

**Telefon:**  
22 99 45 00

**E-post:**  
[npepost@npe.no](mailto:npepost@npe.no)